

Notat

Til Styringsgruppa i prosjektet "Fylkeshuset på Leikanger"
Frå Brukargruppa i prosjektet "Fylkeshuset på Leikanger"
Kopi Arbeidsmiljøutvalet
Dato 20.10.2021

Brukargruppa i prosjektet "Fylkeshuset på Leikanger" har gjennomført ei vurdering av ulike alternativ til kontorkonsept i samband med rehabilitering av fylkeshuset på Leikanger. Dette notatet gir ei oppsummering av brukargruppa sine vurderingar, konklusjon og ei skildring av viktige komponentar i konseptet.

Føremålet med dette notatet er å informera styringsgruppa om brukargruppa si vurdering. Notatet dannar også eit grunnlag som vedlegg i den politiske saka.

Styringsgruppa ga i møte 22.10.21 si tilslutning til brukargruppa si anbefaling.

Bakgrunn

Vestland fylkeskommune eig administrasjonsbygget på Leikanger. Vestland fylkeskommune leiger i tillegg i dag ein etasje i nabobygget hjå Statens vegvesen. Det leigde arealet vert nytta til kontor for avdelinga Infrastruktur og veg (INV). Infrastruktur og veg vart overført til Vestland fylkeskommune ved gjennomføring av regionreforma, og har av praktiske årsaker med omsyn til plass blitt verande i dei lokala dei brukte før reforma. For dei tilsette som er lokalisert i fylkeshuset på Leikanger er noko omorganisering av arbeidsplassar gjennomført i 2020. Det er i dag difor noko ledig kapasitet i fylkeshuset, men ikkje nok til å husa Infrastruktur og veg slik bygget er innreia i dag. Leigeavtalen i nabobygget er på 5 år frå 01.01.2020, og avtalen vil vere styrande for framdrifta til prosjektet med ombygging/rehabilitering og nytt arbeidsplasskonsept på fylkeshuset.

Totalt har fylkeskommunen omlag 240 tilsette med kontorplass på Leikanger.

Fylkeshuset vart bygd i 1989/90. I 2006 vart det bygd eit tilbygg med magasin for fylkesarkivet. Det er også gjort nokre andre oppgraderingar, som til dømes rehabilitering av Firdasal, kantine, møterom, hovudinngangsparti og brannalarmanlegg med meir.

Fylkeshuset er no over 30 år gammalt og det er naudsynt med ein større rehabilitering av bygget, mellom anna må tekniske anlegg, tak, solskjerming og innvendige overflater oppgraderast.

Prosjektet "Fylkeshuset på Leikanger" starta som eitt prosjekt for å gjennomføra rehabilitering av bygget. I tillegg har regionreforma samt erfaringar og læring knytt til Covid-19 ført til endra vaner og behov for både utforming og organisering av arbeidsplassar. Når det er planlagt å rehabiliterer fylkeshuset vil det også vere hensiktsmessig å vurdere korleis kontorkonsept som er best eigna til å ivareta behovet til brukarane av bygget. I dag er kontorløysningen på fylkesbygget hovudsakleg cellekontor med faste plassar, det er i tillegg møterom og sosiale soner i kvar etasje.

Oppdraget til prosjektgruppa har vore å vurdere og anbefale ein løysning for kontorkonsept i fylkeshuset på Leikanger.

Det er tenkt at prosjektet skal skape resultat innan fleire av dei overordna måla for fylkeskommunen. Dette omfattar både det som gjeld bygget og korleis ein ynskjer å utnytte eksisterande areal ved å få til ein effektiv drift av bygg i framtida, men også det som gjeld utvikling av organisasjonen for å modernisere fylkeskommunen med særleg merksemd på brukarorientering, kontinuerleg forbetring og gevinstrealisering.

Styringsgruppa definerte følgjande mål for prosjektet:

Prosjektmål	Kva betyr det for Vestland fylkeskommune?
Vidareutvikle ein felles organisasjonskultur for Vestland fylkeskommune	<ul style="list-style-type: none"> • Fellesskap på tvers av fagområde • Heilskaplege løysingar uavhengig av lokasjon
Styrke samarbeid på tvers av fag og lokasjonar	<ul style="list-style-type: none"> • Moglegheit for å velje den arbeidsforma som passar best til oppgåva • Effektiv kommunikasjonsflyt • Kjennskap til kollegar, både fagleg og sosialt • Samlokalisering der det er mogleg • Gode løysningar for gjennomføring av både fysiske og digitale møter
Styrke Vestland fylkeskommune sin posisjon som ein attraktiv arbeidsgivar i regionen	<ul style="list-style-type: none"> • Tilby attraktive og moderne lokale • Gi større medarbeidarskap • Tilrettelegge for fleksibilitet og variasjon i arbeidskvardagen • Auka trivsel og tilpassa arbeidsformer for den einskilde • Tillitsbasert leiing
Styrke utvikling av heilskaplege og framtidretta tenester	<ul style="list-style-type: none"> • Meir deling av kompetanse og læring • Tilgang på kompetanse, organisasjonell læring

Tabell 1 - Prosjektmål

Innstilling frå brukargruppa er ein leveranse som skal ligge ved ei politisk sak om oppgradering og kontorkonsept for fylkeshuset på Leikanger. Ein uttale frå arbeidsmiljøutvalet er også knytt til innstillinga frå brukargruppa.

Avgrensing

Val av kontorkonsept må løysast innanfor ramma av det eksisterande bygget på Leikanger som Vestland fylkeskommune disponerer til kontorlokale.

Prosjektet skal ikkje vurdere dei praktiske forholda som må løysast dersom ein vel å gå bort frå dagens løysing. Samstundes, dersom prosjektet anbefalar eit anna konsept enn null-alternativet skal det utarbeidast ei overordna skildring av risikofaktorar knytt til denne implementeringa.

Gjennomføring

Arbeidet i prosjektet har vore organisert ved at prosjektgruppa har møtt i prosjektgruppemøter, henta inn kunnskap frå forskning og faglege ekspertar, lest tilgjengelege dokument frå tilsvarande prosessar hjå til dømes tidlegare Hordaland fylkeskommune, leigd inn konsulentar til møter og prosessbistand, og gjennomført møter med ei rekke ressurspersonar på synfaringar hjå andre offentlege og private verksemder i Norge som i dei seinare åra har gått gjennom liknande prosessar.

Prosjektet har vore gjennomført etter ein plan med tre fasar:

I fase éin vart prosjektet planlagt og det blei sett rammar og mål. Brukargruppa blei mobilisert og fekk gjennom presentasjonar frå prosjekteigar ein introduksjon med bakgrunn for rehabiliteringa.

I fase to blei det innhenta informasjon. Foredrag frå mellom anna organisasjonspsykolog i Mellomrom Arkitekturpsykologi samt synfaringar på kontorbygg i Bergen og Oslo, har gjeve brukargruppa introduksjon til fagområdet kontorarbeidsplassar og trendar innan faget. I Bergen var brukargruppa på synfaring hjå BKK og Bufetat. I Oslo var synfaringane på Arbeids- og velferdsdirektoratet, Utlendingsdirektoratet, NAF og IBM. Synfaringane la spesiell vekt på kontorplasskonseptet *Aktivitetsbasert arbeidsplass*.

I tillegg vart det gjennomført ein spørjeundersøking blant dei tilsette på Leikanger. Spørjeundersøkinga kartla arbeidskvardagen til brukarane av bygget, korleis dei opplever kontorbygget og korleis kontorlokala bør vera utforma. Overordna går det fram av spørjeundersøkinga at aktivitetane som blir utført av dei tilsette pregast av å vere komplekse og kunnskapskrevjande, og med noko behov for samarbeid - hovudsakleg internt i dei enkelte fagmiljø. Mykje av arbeidet kan knytast til «ordinær», regelstyrt saksbehandling som krev ro og konsentrasjon, men der kvar enkelt tilsett sitt arbeid skal inngå i ein større heilskap. Basert på dei svar som kom fram i undersøkinga kan ein difor få inntrykk av at noverande kontorløysning er godt egna dei tilsette. I fritekstsvar er det òg tydeleg at mange av dei tilsette føretrekk dagens løysning med cellekontor.

Samstundes er det ein tydeleg skilnad mellom noverande og ønskjeleg, framtidig kultur. Framover forventar dei tilsette meir samarbeid internt i organisasjonen, meir orientering mot eksterne og ein mindre byråkratisk og regelstyrt kvardag. Frå undersøkinga er det difor teikn på at dei tilsette framover vil ha ein arbeidskvardag som er noko endra i høve til slik den er i dag. Dette vert understøtta av andre funn i undersøkinga, der dei tilsette ytrar ønske om meir fleksibilitet og jobbautonomi – og mindre styring.

I fase tre blei alternative løysingar for kontorkonsept vurdert mot målsetningane for prosjektet og analyse av data frå spørjeundersøkinga.

Samla kunnskapsgrunnlag for prosjektgruppa har vore:

- Involvering
- Forsking og andre sine erfaringar
- Synfaringar
- Leigd fagkompetanse
- Spørjeundersøking



Figur 1 – Opphavleg tidsplan for prosjektet

Vurdering av alternativ

Brukargruppa har gjennomført to arbeidsmøter for å vurdere ulike alternativ til kontorkonsept.

Det første møtet vart gjennomført den 07.10.21 på Leikanger. Formålet med møtet var å einast om behovskriteria, samt å gjere innleiande vurderingar av ulike alternativ til kontorkonsept for rehabilitert fylkeshus på Leikanger.



Figur 2 – Alternativ til konsept

Brukargruppa vart einige om følgande kriteria:

Kriteria	
Meir samarbeid mellom fagmiljø	Føreseieleg i arbeidsplassen
Opplevd tilhøyrighet til fagmiljø	Tilrettelagt for ro og konsentrasjon
Fleksibilitet til å påverke eigen arbeidsplass	Arealeffektivitet
Open og tillitsbasert kultur	Samhøyrighet på tvers

Tabell 2 – Behovskriteria

Nokre av kriteria går på det organisatoriske (til dømes samarbeid mellom fagmiljø, samhörighet på tvers samt ein open og tillitsbasert kultur), medan andre går på det meir fysiske bygningsdetaljar og blir sterkare påverka av fysisk utforming. For ordens skuld ynskjer brukargruppa å påpeike at utforminga av bygget ikkje åleine kan påverke til dømes arbeidsform og samarbeid på tvers – dette må understøttast av arbeid med kultur og leiing.


Det andre møtet vart gjennomført den 18.10.21. Formålet med dette møtet var å gjere ein grundigare vurdering av dei alternativa som peikte seg ut som dei mest aktuelle konseptta etter møtet den 07.10.21.

Ei oppsummering av alternativa og brukargruppa si vurdering er gjeven nedanfor.

Skildring av alternativ og innleiande vurdering

Alternativ 0 – Dagens løysing i eksisterande bygg

Alternativ 0 er dagens løysing i eksisterande fylkesbygg, det vil seie ein optimalisering av dagens situasjon der ein held fram med å ta i bruk både administrasjonsbygget og dei leigde kontorlokala i nabobygget. Noverande kontorkonsept med cellekontor i kombinasjons med møterom vil vera uendra, men kapasitet blir optimalisert ved mindre bygningsmessige tilpassingar, og ved å ta i bruk areal som i dag er leigt ut. Allrom og pauserom i kontorfløyane er redefinerte til arbeidsplassar. Areal til sosiale soner er minimalisert, og tal møterom redusert til 13 (møtesenter i 1. etasje kjem i tillegg). Med utgangspunkt i noverande planløysing får fylkeskommunen til rådvelde 222 arbeidsplassar fordelt på cirka 89 % i kontor og 11 % i minilandskap. Dette gjev eit underskot på 26 arbeidsplassar i høve til tal tilsette.




Figur 3 – Skisse av etasje ved vidareføring av dagens løysing

Brukargruppa si vurdering er at alternativ 0 er godt eigna for ro og konsentrasjon. Når det gjeld behovet for samarbeid mellom fagmiljø, føreseielege arbeidsplassar og opplevd tilhøyrighet til fagmiljø så meiner brukargruppa at alternativ 0 verken er god eller dårleg. Det som talar i mot alternativ 0 er at løysinga er dårleg eigna til å ivareta behovet for ein open og tillitsbasert kultur og samhøyrighet på tvers. Årsaka er mellom anna at ein framleis må nytta begge kontorbygga. Med to bygg vidarefører ein eit fysisk skilje og dette bidreg ikkje til å understøtta samhald og etablering av ein kultur. Behovet for to bygg fører og til at arealeffektiviteten blir vurdert som dårleg.

Alternativ 1 – Kombinasjon av ope landskap og cellekontor. Faste arbeidsplassar

Alternativ 1 er fortetting og innføring av kontorlandskap i eit omfang som gjer at alle tilsette får fast plass i fylkeshuset, det vil seie at det ikkje skal vere underdekning. Gitt dei bygningstekniske avgrensingane og behovet for arbeidsplassar for å sikre at det ikkje er underdekning vil det bety at ein mellom anna gjer store kontor om til mindre kontor, eller til små kontorlandskap. Allrom og pauserom ute i kontorfløyane er omdefinerte til arbeidsplassar for å maksimalisera tal arbeidsplassar.

Med ombygging i moderat omfang, som gjev fordeling mellom arbeidsplassar i kontor og i landskap på ca. 73% / 27% er det plass til alle tilsette, inkludert Infrastruktur og veg. I tillegg er det ein buffer for framtidig auke i tal medarbeidarar i fylkeshuset. Merk at areal til sosiale soner då er minimalisert og tal møterom er redusert til 15 (møtesenter i 1. etasje kjem i tillegg).



Figur 4 – Skisse av etasje med kombinasjon av ope kontorlandskap og cellekontor

Brukargruppa legg vekt på at i alternativ 1 er det nokon tilsette som får eige, fast kontor - medan andre tilsette får eigen plass i ope landskap. Enkelte i brukargruppa meiner at det er ein risiko for at dette vil skapa eit "klasseskilje". Brukargruppa meiner difor at alternativ 1 vil vere dårleg eigna til å ivareta behovet for meir samhandling mellom fagmiljø, opplevd tilhøyrighet til fagmiljø og ein open og tillitsbasert kultur. For dei tilsette som får eige kontor vil konseptet vere godt tilrettelagt for ro og konsentrasjon. Når det gjeld fleksibilitet til å påverke eigen arbeidsplass vurderer gruppa løysinga som dårleg, men den er meir arealeffektiv samanlikna med alternativ 0. Alternativet vil og gi god forseielegheit på arbeidsplassen fordi alle har fast plass, og blir vurdert som godt eigna til å ta i vare behovet for samarbeid på tvers fordi Infrastruktur og veg kjem inn i bygget.

Alternativ 2 – Ope landskap med faste arbeidsplassar

Alternativ 2 er ei løysing der ein har ope landskap, og der alle medarbeidarar har sin faste plass. I tillegg har ein fellesfunksjonar som til dømes det som gjerne blir kalla stillerom, multirom og møterom i nærleiken av dei opne areala, og der nokre av dei små romma med faste plassar kan tildelast medarbeidarar over ei viss tid ved behov. Det er og vanlegvis nokre sosiale sonar der ein har kaffimaskin og andre fellesfasilitetar. Brukargruppa legg til grunn at alternativ 2 ikkje vil være ein løysning der ein lagar store landskap der ein får kjensle av å vere i ein hangar, men at det blir mindre åtskilte områder med landskap der ein sit på sin faste plass saman med si eining.

Brukargruppa si vurdering er at alternativ 2 er godt egna til å ivareta behovet for opplevd tilhøyrighet til fagmiljø, fordi ein ser sine næraste kollegar "i auga" kvar dag. Alternativ 2 vil også gje god forseielegheit på arbeidsplassen. Alternativ 2 understøttar samarbeid mellom tilsette i ei eining, men ein vil samstundes sitje like langt frå andre fagmiljø. Alternativ 2 er difor ikkje så godt eigna til samarbeid mellom fagmiljø. Med alternativ 2 sit leiare og tilsette saman. Konseptet er difor relativt godt eigna til å ta i vare behovet for ein open og tillitsbasert kultur. Brukargruppa vurderer alternativ 2 som like godt eigna som alternativ 1 til å ta i vare behovet for samhøyrighet på tvers. Alternativ 2 er dårleg eigna til å ta i vare behovet for fleksibilitet og til å påverke eigen arbeidsplass. Brukargruppa legg og vekt på at alternativ 2 er dårleg eigna for ro og konsentrasjon. Alternativ 2 er det mest arealeffektive mellom dei alternativa der det ikkje vil få underdekning.

Alternativ 3 – Aktivitetsbasert arbeidsplass med frie plassar innan definerte sonar

Alternativ 3 er ein variant av ei aktivitetsbasert arbeidsplass med frie plassar til alle medarbeidarane innan definerte heimesoner. Med alternativ 3 vil ein operere med færre arbeidsplassar enn tilsette, ei såkalla underdekning. Med alle støttefunksjonar, smårom og andre alternativ for både formelle og uformelle møter, skal det likevel vere langt fleire stolar enn talet på medarbeidarar som høyrer til sona. Aktivitetsbasert arbeidsplass handlar om å knyte måten ein jobbar på til kulturelle og strategiske mål for Vestland fylkeskommune. Ein viktig premiss med aktivitetsbasert arbeidsform er at dei tilsette utfører ulike former for arbeid og er ulike som individ. Arbeidsplassen må difor støtte opp under dette. Med aktivitetsbasert arbeidsplass får ein fridom til å velje kor, når og kven ein skal jobbe med.

I eitt aktivitetsbasert kontor er det store moglegheiter for tilpassing, til dømes omfang av stillerom, arbeidssoner, multirom, møterom, storleik på sosiale soner med meir. I vurderinga av alternativ 3 har brukargruppa lagt til grunn at ein først og fremst vurderer *konseptet* aktivitetsbasert arbeidsplass – utan å gå i detalj om ein konkret romprogrammering. Brukargruppa er samde om det ikkje vil vere hensiktsmessig å diskutere romprogrammering før ein har teke stilling til om konseptet kan vere egna til å ta i vare behovet til brukarane.

Likbare skap for til alle medarbeiderne som harer til eit heimeområde. Skapene er for lagring av personlege eiendeler og andre ting som skal ryddes bort ved arbeidsdagen slutt. Skapene er plassert sentralt, ved sosial sone. Garderoeskap i samme område.

TÅRN S:
Heimeområdet
96 personer tilhørende

Arbeidsplasser 77 pl.
58 Åpne arb.pl.
8 Stillesone pl.
5 Solokontor
6 Multirom 2

Samhandling
1 Møterom 8 pers.
1 Prosjektsone
1 Sosial sone
3 Multirom 1
2 Multirom 3

Oppbevaring
96 Personlig oppb.
1 Print / Kopi / Lager
96 Garderobe pl.



Figur 5 – Illustrasjon av aktivitetsbasert landskap frå nytt fylkeshus i Bergen

Med alternativ 3 vil ein få større fleksibilitet til å sitje på ulike lokasjonar i bygget med dei du skal arbeide saman med. I tillegg er det etter brukargruppa si oppfatning slik at ein truleg vil velgje å setje seg tettare saman sjølv om det er få tilsette på jobb. Brukargruppa si vurdering er difor at alternativ 3 er godt eigna til å ivareta både samarbeid mellom fagmiljø, opplevd tilhøyrighet til fagmiljø og fleksibilitet til å påverke eigen arbeidsplass. I og med at tilsette som kjem frå andre lokasjonar i fylket, no kan sette seg saman med dei ein skal jobbe med - samt at ein er samla i eitt felles bygg - blir ein minna på at ein arbeider i ein felles organisasjon. Brukargruppa si vurdering er difor at alternativ 3 er svært godt eigna til å ivareta behovet for samhoøyrighet på tvers. Når det gjeld behovet for ein open og tillitsbasert kultur så er brukargruppa si vurdering at alternativ 3 er eigna til å understøtte dette – føreset at det vert gjort eit godt arbeid med å vidareutvikla kulturen i Vestland fylkeskommune.

Når det gjeld tilrettelegging for ro og konsentrasjon er brukargruppa si vurdering at det ikkje er noko grunn til at alternativ 3 *ikkje* skal vere godt eigna for ro og konsentrasjon, til dømes ved bruk av rom som er dedikert til stille arbeid. Ein må samstundes ha rom der ein kan "bråke", til dømes med støy frå videomøter. Det sentrale er at altså at konseptet kan vere godt eigna for ro og konsentrasjon dersom ein overheld konseptet. Alternativ 3 blir også vurdert til å vere arealeffektivt.

Alternativ 4 – Aktivitetsbasert kontor med frie plassar i heile lokalet

Skilnaden mellom alternativ 3 og alternativ 4 er at ein har moglegheit til å sette seg kor som helst i bygget. Ein har altså ikkje ein fast sone der ein kan forvente å sitje saman med sitt fagmiljø. På bakgrunn av dette er brukargruppa si vurdering at alternativ 4 skil seg frå alternativ 3 ved å vere dårlegare eigna til å ivareta behovet for forseielegheit på arbeidsplassen og opplevinga av at ein tilhøyrer sitt fagmiljø.

Oppsummering av innleiande vurdering

Tabellen nedenfor oppsummerar brukargruppa si vurdering i form av pluss- og minustekn. Tabellen gir ikkje ein nøyaktig representasjon av dei kvalitative vurderingane og er kun meint som støtte for lesaren.

Kriteria	Alternativ				
	0	1	2	3	4
Meir samarbeid mellom fagmiljø	+/-	-	-	+	+
Opplevd tilhøyrighet til fagmiljø	+/-	+	+	+	-
Flexibilitet til å påverke eigen arbeidsplass	-	-	-	+	+
Open og tillitsbasert kultur	-	-	+	+	+
Føreseieleg i arbeidsplassen	+/-	+	+	+	-
Tilrettelagt for ro og konsentrasjon	+	+/-	-	+	+
Arealeffektivitet	-	+	+	+	+
Samhøyrighet på tvers	-	+	+	+	+

Tabell 3

Forkasting av alternativ

Etter den innleiande vurderingane blei brukargruppa einige om å ikkje gå vidare med alternativ 0, alternativ 2 og alternativ 4:

Med alternativ 0 blir ikkje Infrastruktur og veg lokalisert i same bygg som dei andre einingane. Alternativ 0 er difor svært dårleg eigna til å ivareta behovet for samhøyrighet på tvers samt ein open og tillitsbasert kultur. Denne løysinga er også svært dårleg når det gjeld arealeffektivitet.

Når det gjeld alternativ 2 var brukargruppa samstemde om at eit konsept basert på ope kontorlandskap ikkje vil vere eigna. Brukargruppa la særleg vekt på at spørjeundersøkinga har avdekket eit tydeleg ynskje mellom mange tilsette om moglegheit til å arbeide på eitt kontor. Med alternativ 2 er denne moglegheita borte, og verken multirom eller stillerom blir vurdert som ei god erstatning.

Med alternativ 4 la brukargruppa mykje vekt på at frie plassar i heile lokalet ikkje vil vere eigna til å ivareta behovet for ein føreseieleg arbeidsplass og opplevinga av ein tilhøyrer sitt fagmiljø.

Nærare vurdering av alternativ 1 og 3

I den innleiande vurderinga tok brukargruppa utgangspunkt i at alternativ 1 (kombinasjon av ope landskap og cellekontor) var ei løysing med faste plassar. Brukargruppa si vurdering var difor at det mellom anna var ein risiko knytt til "klasseskilje" mellom dei som fekk eige kontor og dei som blei sitjande i landskap.

På møte 18.10.2021 kom eit medlem av brukargruppa med ein merknad om at dersom ein fjernar forutsetninga om faste plassar vil alternativ 1 vere ein variant av alternativ 3, det vil seie aktivitetsbasert kontor med frie plassar innan definerte soner. Skilnaden mellom alternativ 1 og 3 – dersom ein fjernes frie plassar i begge alternativa - er i hovudsak ein større variasjon i ulike arbeidsplassar og ein lågare andel cellekontor/solokontor med alternativ 3 samanlikna med alternativ 1.

Brukargruppa si innleiande vurdering var at alternativ 3 som konsept var godt eigna til å ivareta behovet til organisasjonen og målsetningane til prosjektet. Samtidig har det vore ei bekymring frå brukargruppa om at ein ikkje i stor nok grad har teke omsyn til ynskje frå mange av dei tilsette om å behalda den løysing vi har i dag med cellekontor. Ein vidareføring av cellekontor til alle tilsette synast ikkje hensiktsmessig fordi ein då måtte halde fram med å nytta to bygg. Derimot kan ein dersom ein kan få til ei løysing med aktivitetsbaserte arbeidsplassar og med tilpassingar som gjer at løysinga får med seg mange av kvalitetane frå alternativ 1 - kunne ta i vare både dei overordna måla til prosjektet og ynskje frå mange av dei tilsette.

Brukargruppa si vurdering er difor at eit konsept basert på aktivitetsbasert arbeidsplass med eit vesentleg høgare tal på solokontor enn det som er vanleg, er den best eigna løysinga.

Skildring av konseptet “Aktivitetsbasert arbeidsplass”

Brukargruppa har ikkje teke stilling til rom- og funksjonsprogrammering som definerer korleis ein ser for seg at lokalet og arealet skal nyttas dersom ein går for ein variant av aktivitetsbasert arbeidsplass. Samstundes har brukargruppa skissert ei skildring over kva konseptet bør innehalde for å vere tilpassa verksemda og arbeidsoppgåvene som blir utført på Leikanger.

Brukargruppa har teke utgangspunkt dei alternative arbeidsplassane/funksjonane som inngår i Hordaland fylkeskommune sin modell for aktivitetsbasert arbeidsplass slik den går fram av sak 13349/2018 (Rapport for utvikling av kontorkonsept for nytt fylkeshus):



Figur 6 – Modell for aktivitetsbasert kontorkonsept

Kort skildring av komponentane i Hordaland fylkeskommune sin modell for aktivitetsbasert kontorkonsept

Stillesone: eit ope landskap med ei gruppe arbeidsplassar i eigen sone, og med god skjerming mellom pultane for å hindre visuell støy. I stillesona legg ein til rette for ro og konsentrasjon, og at ein ikkje skal bli forstyrra. I ei slik sone er det ikkje lov å snakke saman, og telefonar må være på lydlaus, ikkje ulikt ein lesesal på eit universitet eller eit bibliotek. Denne sona må ha god skjerming mot støy frå andre soner og funksjonar

Solokontor: eit lukka arbeidsrom med plass til ein person, som ein ikkje held av men kan setje seg inn på ved behov. Ein kan sitje på eit slikt rom i korte stundar, eller ein kan velje å sitje der ein heil arbeidsdag ved høve. Ein kan ikkje sjå eit slikt rom sitt eige, men ein leiar har moglegheit til å gjere vurderingar for bruken av slike rom for sine tilsette.

Arbeidssone: eit ope landskap med ordinære arbeidsstasjonar, med hev/senk-arbeidspultar, god visuell oversikt innan sonen, og med god visuell og akustisk skjerming frå andre soner. I desse områda ynskjer ein eit visst nivå av dialog og samtalar, etter avtala spelereglar. Det er ikkje eit område for å ete eller ha lange faglege diskusjonar, men eit viss nivå av samtaler, nettopp for at ein ynskjer kunnskapsdeling, kjapp sjekk mellom nære medarbeidarar og uformell samhandling.

Multirom: rom som plasserast i nærleiken av arbeidssonene, der ein legg til rette for ad hoc samtalar, telefonsamtalar, at 1-3 medarbeidarar kan jobbe saman på skjermen framføre seg, eller ein kan ha videomøter med kollegaar eller samarbeidspartnarar andre plassar. Ein kan med fordel også ha nokre små multirom, eller «telefonkioskar», rett i nærleiken til arbeidsstasjonane, der ein kan snakke i telefonen utan å sjenere andre og utan at andre høyrer kva som blir sagt.

Møterom: dei tradisjonelle lukka møtelokala, i ulike storleikar. Desse romma kan ein booke i eit digitalt system og ein kan enkelt sjå frå utsida om rommet er ledig eller oppteken. Utforming, korleis ein møblerer og utstyr må tilpassast ulike typar møter, og kunne være fleksibelt med tanke på ulik bruk. Møteromma bør utformast slik at dei legg til rette for både presentasjonar og arbeidsmøter der ein må skrive på til dømes tavler, og ein må også her kunne ha videokonferansar med moglegheit for å dele skjerm og sjå dei ein arbeidar saman med.

Prosjektsona: fleksible rom eller områder der ein kan sitje saman og arbeide kreativt og visuelt. Kan fungere både som rom eller områder ein kan booke, eller som ein kan nytte ad hoc. Om det er lukka rom må det være synleg utanfrå om området er ledig eller ikkje. Slike områder må kunne bookast over lengre periodar, dersom ein har eit prosjekt som går over dagar eller veker.

Sosial sone: dei sosiale sonene skal fungere som uformelle møtestader. Her kan ein treffast for ein kopp kaffi og ein uformell dialog, ein kan bli sitjande om ein har noko ein ynskjer å diskutere og dele med kollegaar, eller setje seg i periodar for å arbeide med eigne ting om ein ynskjer eit område med litt meir lyd og andre møblar enn i ei arbeidssone.

Brukargruppa si skildring av aktivitetsbasert arbeidsplass tilpassa fylkeshuset på Leikanger

Solokontor: Brukargruppa meiner ein bør prioritere areal til solokontor. Basert på mogleighetsstudien legg ein til grunn at minst 40 % - 50 % av arbeidsplassane på fylkesbygget bør være mogleg å innreie som solokontor. Fleire i brukargruppa ynskte at talet på cellekontor burde vera enda høgare. Dette forutset 20 % - 30 % underdekning og vurderast som eitt konservativt anslag basert på måling av reell bruk av kontorlokala på til dømes fylkeshuset i Bergen.

Stillesone: Med den nye kvardagen med heimekontor, så er det vurdert at ei slik sone er mindre nyttig. For å også tilby stillesone til dei som ikkje ynskjer å arbeide heime, så blir nokon få av solokontora definert som stillesone.

Arbeidssone: Brukargruppa meiner at arbeidssonar på bygget bør være adskild på ein slik måte at ein ikkje opplever det som å sitje i eitt stort, ope landskap. Kvar arbeidssone bør være i storleiken 4-8 arbeidsplassar. Frå arbeidssona må det vera lett tilgang til multirom eller solokontor

Møterom og prosjektsone: Brukargruppa meiner at prosjektsone vil ha liten bruk og kan løysast gjennom bruk av møterom i heimesona. Større møterom plasserast sentralt i bygget til nytte for alle tilsette.

Risiko knytt til brukargruppa si anbefaling

Som nemnt ovanfor skal ikkje brukargruppa vurdere dei praktiske utfordringane knytt til implementering av det alternativet som brukargruppa meiner er best egna.

Basert på innsikt frå til dømes spørjeundersøkinga og endringa som aktivitetsbasert arbeidsplass vil innebere meiner likevel brukargruppa at det vil være hensiktsmessig å belyse nokre av dei erfaringane som andre verksemder har gjort når dei har gått frå cellekontor til aktivitetsbasert arbeidsplass. På den måten kan ein redusere uønska risiko knytt til implementering og få best mogleg effekt av endringa.

Erfaringar frå synfaringar

1. Ein tydeleg målsetning med bygg og kontorkonsept er at det skal understøtta organisasjonens strategiske mål. Men eitt bygg og kontorløysning gir ikkje effekt i seg sjølv. Dei fysiske forholda må støttast opp av leiarfilosofi og kultur. Dersom ein vel ei løysning basert på aktivitetsbasert arbeidsplass må ein ha leiarar som går føre og sikrar at intensjonane blir følgd opp og vidareutvikla, mellom anna ved å informere tilsette, gje opplæring og være gode rollemodellar.
2. Gjennomarbeidd konsept verkar å fungere best. Kompromissløysingar kan fort ende i at ingen blir riktig nøgd. Opnar ein for at endringar kan skje basert på enkeltpersonar sine ynskje kan det fort vatne ut konseptet. Dette gjeld sjølvklart ikkje for det som gjeld spesialtilpassingar for dei som har behov for det, men det ligg til ein leiar si myndigheit å avgjere.
3. Klare retningslinjer for brukaråtferd og reglar innan kontorkonseptet, kombinert med rutinar for jamleg evaluering og kontinuerleg forbetring synest særst viktig for å lukkast, og for at folk trivst. Det gjev dei tilsette ein føreseieleg situasjon, og styrer at ein kan ta opp om ting ikkje fungerer.
4. Dei aktivitetsbaserte kontora er dei som vert opplevd som mest inspirerende, og der ein verkeleg kunne få ta sjølvstendige val ut frå sine preferansar. Preferansar vert tenkt i den samanheng som det ein personleg vurderer som best for å løyse den aktuelle oppgåva, og det som passar dine personlege preferansar.
5. Konsept som ikkje støttast av det fysiske miljø, som at rom ikkje er lydtette osv., gjer at konseptet ikkje får sin planlagde funksjon og dermed ikkje fungerer like godt som det kunne. På andre sida såg ein at dei stadene der ein hadde innreia og utforma det fysiske miljøet for å framheve den ønska funksjonen til dei ulike soner og rom, oppfattast det som at ein verkeleg har lukkast med å skape ein svært god og fleksibel arbeidsplass. Som til dømes der akustikken i eit solokontor eller multirom i nærleiken av arbeidssona er ein heilt annan enn i resten av lokalet, og ein får ro og fred med ein gong ein trer inn i eit slikt rom.

Konklusjon

Brukargruppa har vurdert fem alternativ til kontorkonsept på Leikanger. Brukargruppa har gjort ein heilskapleg vurdering basert på kunnskapsgrunnlaget som er innhenta i prosjektperioden og eigen kjennskap til organisasjonen.

Etter ein innleiande vurdering vart alternativ 0 (vidareføring av dagens løysning), alternativ 2 (ope landskap der alle har fast plass) og alternativ 4 (aktivitetsbasert arbeidsplass der ein har fri plass i heile bygget) forkasta som moglege løysningar av brukargruppa.

Etter ein heilskapleg vurdering av alternativ 1 (kombinasjon av ope landskap og solokontor) og alternativ 3 (aktivitetsbasert arbeidsplass med fri plass i definerte sonar) konkluderte brukargruppa med at aktivitetsbasert arbeidsplass, med mange solokontor, er best egna som kontorkonsept på Leikanger.

Brukargruppa har ikkje teke stilling til rom- og funksjonsprogrammering som definerer korleis ein ser for at lokalet og arealet skal nyttast dersom ein går for ein variant av aktivitetsbasert arbeidsplass. Samstundes har brukargruppa ei skildring om kva konseptet kan innehalde på Leikanger.

- Brukargruppa ynskjer at ein prioriterer solokontor så langt det let seg gjere, det vil seie i eit omfang på meir enn 40-50 % av arbeidsplassane.
- Brukargruppa forutset 20 % – 30 % underdekning, som vurderast som eitt forsiktig anslag på reell bruk av lokala.
- Arbeidssoner bør bestå av fire til åtte arbeidsplassar
- Stillesone bør løysast innanfor ramma av solokontor
- Prosjektrom kan løysast med bruk av møterom som har rett utstyr
- Større møterom vert plassert sentralt i bygget til nytte for alle tilsette

Brukargruppa ynskjer å påpeike at utforminga av bygget ikkje åleine kan påverke til dømes arbeidsform og samarbeid på tvers – dette må understøttast av arbeid med kultur og leiing. Dette arbeidet må prioriterast fram mot innflytting i det nye kontorkonseptet.